



Utval: Eldrerådet
Møtestad: 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 01.03.2016
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arvid Ole Refvik	Leiar	
Eva Pernille Tufteland	Nestleiar	
Torunn A. E. Johansen	Medlem	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Miland Helland	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vigis Tislevoll	Trude Miland Helland	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Wenche Tislevoll	ordførar
Marianne Ytrearne	sekretær
Ellen Karoline Hovstad	Leiar for Eldrerådet 2011/2015

Arvid Ole Refvik
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 1/16	Val av ny leiar og nestleiar	
PS 2/16	Ymse	

PS 1/16 Val av ny leiar og nestleiar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Som framlegg.

Behandling i Eldrerådet - 01.03.2016:

Arvid Ole Refvik blei valt til leiar og Eva Pernille Tufteland blei valt til nestleiar.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 2/16 Ymse

Framlegg til vedtak/tilråding:

Behandling i Eldrerådet - 01.03.2016:

Tidlegare leiar for eldrerådet, Ellen Karoline Hovstad, informerte om kva oppgåver eldrerådet har og om kva eldrerådet hadde arbeidd med i perioden 2011-2015.

Fitjar eldreråd skal arrangera samlinga for eldreråda i Sunnhordland i år. Dato blei sett til 16.06.16.

Det blei også informert om «Eldredagen» som blir arrangert i byrjinga av oktober. Eldredagen er eit samarbeid mellom Fitjar eldreråd og Fitjar vidaregåande skule.

Sakene eldrerådet skal behandle, kjem frå administrasjonen, frå rådet sjølv eller evt. frå innbyggjarar.

Eldrerådet kan gje innspel i budsjettet, kun rådgjevande myndighet.

Eldrerådet har ikkje budsjett. Pengane kjem frå eventuelt overskot frå «Eldredagen». Det er også søkt støtte hos Sparebanken Vest og Fitjar kraftlag. Pengane blir brukt til å betale honorar til musikarar, foredragsholdarar og til maten som Fitjar vidaregåande skule bidrar med.

Eldrerådet skal avklare med kommunen om kven som skal betale annonsering.

Ellen Karoline Hovstad og Arvid Ole Refvik avtaler eit møte angående ansvarsoverdraging av kontoen.

Medlemmane i Eldrerådet har mogelegheit til å lese protokollane både på rådhuset og på Fitjar kommune sine nettsider: <http://www.fitjar.kommune.no/politiske-mote/>

Det blei satt fram ynskje om ein arbeidsintruks for eldrerådet. Sekretær skal skaffe det til neste møte.

Representanten Grete Marit Veka Maraas informerte om det nye helsesenteret. Det er 4 alternativ til plassering av helsesenteret: Larsenbygget, Todlak-/bankbygget, Fitjar bu- og behandlingssenter (legesenter)og nytt bygg.

Eldrerådet skal gje innspel til plassering av helsesenteret. Det er ynskje om at helsesenteret er lett tilgjengeleg og i sentrum. Innspelet skal klargjerast til møtet i Utval for oppvekst og omsorg 05.04.2016.

Ordførar Wenche Tislevoll informerte om kommunereformen:

Utifrå informasjonen og signala som no ligg føre, vil det vera mogeleg å driva vidare som eigen kommune. Men det vil krevje monaleg auke i inntektene, samstundes med nedskjeringar i drifta.

Den største endringa i kommunen kan ein få ved å stå aleine. Folkevandringa, oljepris og utfordringar i næringslivet, eldrebylgja gjer at tida blir tøffare, ein må omstillast seg, eigen kommune eller ikkje.

Vedtak/tilråding: